


---

---

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Årsmelding 2011

# Innhold

	side
Fjellstyre .....	2
Medlemmer.....	2
Aktivitet.....	2
Fjelloppsyn .....	3
Tilsette .....	3
Aktivitet.....	3
Refusjon.....	3
Samarbeid – oppdrag .....	3
Arealet.....	4
Stølsbruk.....	4
Stølar, beite og tilleggsjord.....	4
Stølsforskrift og fjellov.....	4
Tomtefeste.....	6
Kommunale planer.....	6
Næringsfester.....	6
Hyttefester .....	6
Bustadfester .....	6
Festeinntekter.....	6
Fiske.....	6
Sal av fiskekort .....	6
Stampfiske/fiskeutsetting.....	7
Registreringar .....	7
Småviltjakt .....	11
Forvaltning.....	11
Jaktkortsalg .....	11
Elgjakt .....	14
Administrasjon.....	14
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen .....	15
Elgtrekk .....	16
Driftsplanarbeidet .....	16
Valhall .....	16
Hjortejakt.....	16
Rådyrjakt.....	16
Jaktprøver.....	16
Informasjon - tiltak for friluftsliv.....	17
Tilrettelegging for friluftslivet .....	17
Informasjon.....	17
Inatur - internettportalen .....	17
Turkart .....	17
Rekruttering til friluftsliv .....	17
Motorisert ferdsel i utmark .....	18
Tilskot.....	18
Tilskot frå fjellstyret .....	18
Grunneigarfondet .....	18
Økonomi .....	19
Generelt .....	19
Resultat .....	19
Eigenkapital .....	19
Vedlegg .....	21
Resultatrekneskap .....	21
Balanse.....	23
Revisjonsrapport .....	24

# Årsmelding 2011

## Fjellstyre

### Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Fram til 24.11.2011:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen
Styremedlem	Anne Live Garvik
Styremedlem	Arild Brattrud

Etter 24.11.2011:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kjell Magne Snortheimsmoen
Styremedlem	Torill Trøen
Styremedlem	Åshild Reien
Styremedlem	Knut Kjøs Egge



© Vestre Slidre fjellstyre

Fjellstyret på befaring med Statskog

### Aktivitet

Fjellstyret har hatt 8 styremøte, behandla 42 saker og vore på 2 befarings. I tillegg deltok representantar på årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for elg m.m. Fjellstyret har delteke på årsmøte for "Fjellstyra i Oppland".

Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Fjellstyra i Oppland, FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaaren og tilsette har i tillegg delteke på ulike møter og befarings.



© Hanne Lykkja


Frå Flyin mot Bukonofjellet

# Fjelloppsyn

## Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:  
Fjelloppsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling  
Fjelloppsyn II: Erle Frantzen i 60 % stilling  
Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.



## Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver. Fjelloppsynet har kontor plass på kommunehuset.

## Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50% av utgiftene til godkjent oppslopsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjettpå oppslopsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 296 320 (2010: 281.345) i refusjon frå staten.

## Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Sekretærarbeid for felleskortet "Fisking i Valdres"

Inntektene ved utleige av tenester er kr 96.312 (2010: 18.823). Auka inntekt i 2011 kjem av eit enkeltoppdag utanom faste oppdragsgjevarar.



## Arealet



- Totalareal: 200.000 daa  
+1000 moh: 65.000 daa  
- 1000 moh: 135.000 daa
- Lågaste punkt: Vaset 796 moh
- Høgaste punkt: Gråkampen 1595 moh
- Vatn/vassdrag: 20.000 daa
- Lauvskog: 60.000 daa
- Grensar inn til kommunane:  
Vang, Hemsedal og Nord Aurdal
- Arealet utgjer 43 % av kommunen
- Ca. 300 stølar og 10.000 daa dyrka jord.  
Produktive områder som er intensivt brukt med kulturprega stølslandskap
- Ca. 600 hytter
- 2 felt for bustadar, 10 stk bustadar
- Utbyggingsområde på Vaset til satsing på turisme
- Stølsvegar i allmenning ca 135 km
- Statsallmenningen er godt tilrettelagt med rastplassar, informasjonstavler o.l.

## Stølsbruk

### Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det 295 enkeltstølar, 1 fellesstøl og 67 fester for kulturbete/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive allmenning for stølsdrift i landet. Det er ikkje vist ut støl eller tilleggsjord i 2011. Ein støl har falt i det fri fordi garden ikkje er å rekne som jordbruksseigedom lengre.

### Stølsforskrift og fjellov

Statskog og fjellstyret har ulike tolkingar av stølsforskrift og fjellov. Etter fjellov og stølsforskrift skal fjellstyret forvalte bruksrettane i statsallmenningen. Statskog har i hovudsak berre uttalerett i saker som vedkjem aktivt stølsbruk. Etter fjellstyret sitt syn prøver Statskog likevel å avgrense bruksrettane knytt til stølsbruk, dette er særleg markert etter Statskog sitt lokalkontor på Fagernes vart lagt ned for 6 år sidan.

Fjellstyret oppfattar Statskog sin praksis som forsøk på overstyring av fjellstyret og mistillit til fjellstyret sitt arbeid.



Det er spesielt i byggsaker at problemet har vorte synleggjort. Det har vore fleire unødvendige klagesaker over fjellstyrevetak. Statskog har fremma klagesaker for å få avklara kor langt bruksretten går og kor langt fjellstyret si skjønnsvurdering skal kunne gå. Dette er ikkje Statskog si rolle ut frå lovverket. Statens landbruksforvaltning (SLF) er klageorgan over

fjellstyrevevdetak i slike saker. SLF har stadfesta alle fjellstyrevevdatak som er påklaga, men først etter at ein omfattande saksbehandling (inntil 2 år). Dette er bortkasta ressursar både for stølsbrukarane, Statskog, SLF og fjellstyret.

Stølar som ikkje har vore ”i bruk” fell i det fri etter 20 år, jf. § 22 i fjellova. Statskog og SLF har frå 2011 begynt å tolke dette svært restriktivt. Dette er alvorleg for stølsbruket i Vestre Slidre. Stølsbruk er meir enn mjølkeproduksjon og husdyrhald. Mykje av areala i fjellet blir halden i hevd ved fôrproduksjon. Etter prinsippvedtak i SLF i 2011 kan stølar berre haldast ”i bruk” når det blir drive husdyrhald på garden. Samstundes aksepterar ikkje Statskog at allmenningsretten følgjer bruket ved bortleige av garden, dvs at stølen ikkje er ”i bruk”. Resultatet av slik lovtolking kan på sikt føre til at mange stølar fell i det fri og areala må leggjast ut. Fjellstyret er etter lovverket pålagt å kontroller om stølar er i bruk og ev. gjera vedtak om leggja dei i det fri. Resultatet blir mindre bruk av areala i fjellet, fleire stølar blir lagt i det fri, därlegare grunnlag for å landbruksdrift og fattigare kulturlandskap.

SLF og Statskog sin praksis er ikkje i samsvar med nasjonale føringar for landbruket, seinast i stortingsmelding om landbruket frå 2011 og i SLF sin eigen rettleiar til kommunane, i rettleiarene er det tre hovudelement som er viktige; *ta vare på produksjonsareal, legge til rette for ulike former for landbruksdrift og landbrukskulturlandskap*. Siktemålet for endring av stølsforskrift i 2007/2009 var å stimulere til auka bruk av stølsområda ved m.a. å utvide stølsbegrepet. Fjellstyret meiner at Statskog og SLF sin tolkingar er ikkje i samsvar med fjellov og forskrift.

Statsallmenningane i Øystre og Vestre Slidre er dei statsallmenningane her i landet som har mest aktiv stølsdrift, stølskulturen er levande og er viktig for bygdene. Stølsdrifta var også eitt av hovudelementa for etablering av Valdre natur- og kulturpark. Bevaring av det spesielle støls- og kulturlandskapet er eit nasjonalt ansvar og det blir brukt store verdiar frå styresmaktene for å ta vare på dette. Staten v/SLF og Statskog skal ikkje motarbeide sentrale landbrukspolitiske mål. Det blir prioritert arbeidsfelt for fjellstyret å arbeide vidare med å sikre bruksrettane for landbruksnæringa.



© Hanne Lykkja

Frå Bukono mot Flyin

## Tomtfeste

### Kommunale planer

Kommunen har i 2011 godkjent reguleringsplan for Vaset alpinområde. Planen inneber ein fortetting av eksisterande hyttefelt med 37 nye tomter til fritidsbustadar, 20 daa til fritidsleilegheiter og eit kombinert felt på 11 daa. I planen er det justering av heistrase, samt nye trasear/nedfartar.

Statskog la i 2010 fram utkast til nye reguleringsplanar for nytt sentrumsområde. Planen er ikkje sluttbehandla politisk.



### Næringsfester

Samla er det 16 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter i statsallmenningen.

### Hyttefester

Samla er det 591 stk hyttefester i allmenningen. Halvparten av hyttefesta ligg i hyttefelt og halvparten er gamle hyttefester som ligg spreidd på stølslaga.

### Bustadfester

Samla er det 12 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område i kommunedelplan for Vaset til bustadføremål, men området er ikkje teke i bruk.

### Festeinntekter

Statskog gjorde i 2010 vedtak om at festeavgiftene på fritidsbustad ikkje skal regulerast etter marknadsnivå, men etter konsumprisindeks. Dette skal skje med tilbakeverkande kraft frå 2002. Dette betyr at ein stor del av festeavgiftene blir redusert. Det er bestemt at tilbakebetaling for åra 2004-2010 ikkje blir belasta fjellstyra direkte, men tilbakebetaling går over Grunneigarfondet.

Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom fjellstyret og Grunneigarfondet. Som følgje av reduserte festeavgifter gjekk festeinntektene ned med ca 30 % i 2010. Inntektene gjekk opp snutt 10 % i 2011 pga prisjustering og nye festeavtaler. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 856 831 (2010: 780.804).


## Fiske

### Sal av fiskekort

Det vart selt 1189 stk fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande (2010: 1281). Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 170.066 (2010: 172.604). Til diverse fiskekulturarbeid har fjellstyret brukt kr 101.866 (2010: kr 126.164), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds															
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort											
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År								
5	1	2	62	2	1	2	28	415	194	45	149	83	41	20	139								
70				33				447				147											
103								1086															
1189																							



Fiskekort vart for sjette år selt via SMS på mobiltelefon (50 %). Dette viser seg å vera ei svært vellykka ordning der kort alltid er tilgjengeleg. Kortsal på internett ([www.inatur.no](http://www.inatur.no)) har ikkje noko stort omfang (ca 2 %). Resten av fiskekorta (48 %) blir selt i butikkar o.l.

## Stamfiske/fiskeutsetting



Stamfisk frå Grønsenn

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale, er det behov for meir rogn. I 2011 leverte fjellstyret ca 10 liter rogn til FOSA.

Fjellstyret har sett ut 1000 stk 2-årig settefiske i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre mindre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Svulttjern (500stk), Grønsenn (800stk), Nestisvatn (600stk), Skardtjern (200stk), Langebergtjern (100stk), Kringletjern (100stk), Bjødnhøvdjtjern (100stk) og Lomtjern (100stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk, halvparten blir som eit forsøksprosjekt sett ut om vinteren.

## Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvakning av vatna og eit sikrare grunnlag å vurdera kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna. Fjellstyret får inn fiskrapportar for dei fleste vatn, og vi fekk inn skjellprøvar frå 6 vatn. Dette er ei veldig positiv auke og vi oppfordrar alle til å fortsette med å samle inn skjellprøvar.




© Vestre Slidre fjellstyre

Frå Baklie mot Grunke


## Statusoversikt for fiskevatna

Ut frå fangstrappportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt:




Det er levert 13 skjellprøver frå Midtre Syndin. Fisken var raud i kjøtet, 5 stk var merka.

Diagram som syner lengd ved ulik alder (raud) og årleg vekstlengde (blå) .




Det er levert 68 skjellprøver frå Storfjorden. Fisken var raud i kjøttet, 22 stk var merka.

Diagram som syner lengd ved ulik alder (raud) og årleg vekstlengde (blå) .



Det er levert 27 skjellprøver fra Mosvatn. Fisken var raud i kjøttet, 3 stk var merka. Parasitten leddmark vart registrert på 11 av 27 fiskar.

**Diagram som syner lengd ved ulik alder og årleg vekstlengde.**



**Samlestatistikk garn og oterfiske i Vestre Slidre statsallmenning 2011.**

GARN						OTER					
	Maskev.	Antall		Fisk/	Snitt	Antall			Fisk/	Snitt	
Vatn	mm	garn	fisk	kg	garnn.	fisk,kg	Timar	fisk	kg	time	fisk, kg
S.Syndin	35	82	68	33,635	0,82	0,494	29	44	14,85	1,50	0,340
M.Syndin	35	16	6	3,200	0,37	0,53	5	7	3,600	1,40	0,500
Storfjorden	35	351	274	122,460	0,78	0,447	13,5	19	9,110	1,40	0,480
Rensenn	35	92	121	33,700	1,31	0,278	6	27	4,500	4,50	0,170
Mosvatn	35	168	77	44,000	0,46	0,57	8	13	6,300	1,60	0,480
Nestisvatn	35	16	19	8,000	1,18	0,42					
Grønsenn	35	53	42	16,800		0,4	47	113	54,800	2,40	0,480
Matkista	35	5	2	0,740		0,371					
Svult	35										
Køltjednet	35										
Skruvletjedn	35						3	5	1,800	1,60	0,360
Strøstjedn	35	20	16	12,400			4	5	3,800	1,25	0,760
Kringeltjedn	35	4	4	1,3							
Sum	35	807	629	276,235	4,92	3,51	115,5	233	98,760	15,65	3,570

Samleoversikt for vatna i statsallmenningen:

Vatn 2011	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangsten	Aktuelle tiltak framover
<b>Rensenn</b> 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve. k-faktor opp mot 1.	0	Fylgje opp vatnet, uttaket av fisk bør aukast. Dårlig resultat av stamfiskeforsøk 2010.
<b>Grønsenn</b> 0 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure.	0	Fylgje opp gytebekkane.
<b>Nestisvatn</b> 0 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand.	0	Få inn fleire fiskeprøver.
<b>Midtre Syndin</b> 13 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst . Litt tynn bestand men ein del stor aure.	46	Registrere yngel i bekkane.
<b>Sørre Syndin</b> 16 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure. Høg k- faktor.	62,5	Fylgje med på rekrutteringa.
<b>Storfjorden</b> 68 prøver	10 000 2- årig	God vekst. Høg k-faktor. Prøvefiske utført av FMO i 2009.	32	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane.
<b>Mosvatn</b> 27 prøver	Naturleg rekruttering	God vekst. K- faktor rundt 1.	11	Ta fleire prøver og fylgje med på parasittar.
<b>Matkista og Halvorstølstj</b> 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor.		Få inn prøver. Ikke fiske hardt på abbor i Matkista.
<b>Strøstjern</b> 0 prøver	100 2-årig	Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst		Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
<b>Svult</b> 0 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.		Stabilisere bestand. Tiltak i gytebekk.
<b>Skardstjern</b> 0 prøver	50 1-årig	Tynn bestand eit par år, bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Øreklytefangst. Få inn prøver frå aure.
<b>Skruvletjern</b> 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand.		Få inn fleire prøver frå aure.
<b>Kringeltjern</b> 0 prøver	100 1-årig	Mykje øreklyte som har komme dei siste åra.		Halde vatnet reint for øreklyte.
<b>Bjødnhøvdjtj</b> 0 prøver	100 1-årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år. Det er på tide å ta dei opp.		Halde vatnet reint for øreklyte. Få inn fiskeprøver.
<b>Langebergtj.</b> 0 prøver	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik.		Få inn fiskeprøver.
<b>Lomtjern</b> 0 prøver	100 1-årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand.		Få inn prøver frå aure. Betre gytetilhøva.

# Småviltjakt

## Forvaltning

### Fugl:

Fjellstyret er bevisste på at jakt i stor grad kjem i tillegg til naturleg tap i småviltbestandane. Med bakgrunn i dette er det viktig med ei langsiktig forvaltning. Kunnskap om ressursane er basis for jaktreglane. I Vestre Slidre statsallmenning har lirypa vore freda etter 10 dagar, og det har vorte innført dags/kortkvote på rype. Jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde kote 1200 moh på Bukono- og Gilafjellet. Tiltaka reduserar jaktpresset på rype samstundes som det fortsatt er eit jakttilbod til jegerane. Etter tusenårsskiftet har rypebestanden auka att, men dei siste par åra har det vore markert nedgang. I 2010 var det eit brukbart klekkerresultat, men ein svak stamfuglbestand gjorde at det var lite fugl.



© Vestre Slidre fjellstyre

### Taksering:



© Vestre Slidre fjellstyre

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden(avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsutlagte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter vert registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon. Vi har vore ein del av Rypeforvaltningsprosjektet 2006-2011.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen står for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

### Takseringsresultat:

Ant. linjer	Antall meter	Ant. obs.	Antall ryper	Ryper/obs	Ryper / km <sup>2</sup> 90% sikkerhet			Ant k/høne*		
					2009	2010	2011	2009	2010	2011
22	68 650	31	96	3,1	7(4-13)			1,8		
19	64 265	18	81	4,5		8(5-14)			3,6	
23	74 663	26	92	3,5			5(4-7)			1,9

**Raude tall er årets registrering.** I 2011 vart det observert smågnagar på 1 av 23 linjer. Det vart ikkje observert hare eller rev på nokre av linjene.

For å holde ein konstant vaksenbestand må vi ha 2,5 kjuklingar pr rypepar i august. Dette omtalast som ei nedre grense for jaktbart overskot.

Fleire kjuklingar vil gje ein aukande bestand, færre minkande bestand. I 2011 var kjuklingproduksjonen i Vestre Slidre statsallmenning berekna til 1,9 kjukling pr høne og dette ligg under grensa for jaktbart overskudd.

## Jaktkortsalg

Jaktkortsaledet gav ei inntekt på kr 263.500 (2010: kr 283.215). Nedgang i inntektene for småviltjakt kjem av at det vart innført sterke restriksjonar på jakta pga av lite fugl. Jegerar i

regulert periode som hadde løyst jaktkort fekk tilbod om å få refundert halve jaktkort beløpet.  
53 jegerar valde å gjera dette.

Kortsalget fordelar seg slik:

Innan- og utanbygds- buande	Fritt salg	Jakttid	Stk. kort	Stk. kort	Stk. kort	Stk. kort
	rovvilt m.m.	01.1-31.12	23			
	and og ringdue	21.08-14.09	1			
		15.09-19.09	8			
		20.09-24.09	9			
		15.09-14.12	2			
		20.09-14.12	6			
		15.09-19.09	6			
		20.09-24.09	3			
		15.09-19.09	30			
		20.09-24.09	43			
		15.09-19.09				
		15.09-19.09	14			
		20.09-24.09	17			
		05.10-11.10	24			
		05.10-14.10	7			
		05.10-14.12	4			
		15.10-14.12				
		15.10-14.12				
		15.10-14.12	89			
Innanbygds- buande	Fritt salg	Småviltjakt u/hund	15.09-14.12	21		
		Småviltjakt m/hund	15.09-14.12	29		

## Jaktstatistikk



Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 37 ryper, 10 orrfugl og 28 harar. (Totalfelling for 2010 er 215 ryper, 33 orrfugl og 32 harar). Felling mellom innanbygdsbuande, fritt og regulert kortsalt for utanbygdsbuande fordelar seg slik:

INNANBYGDSBUANDE 2011: Det er innlevert 24 jaktrapportar frå rypejakta og det er felt 6 ryper og 1 orrfugl. Det er innlevert 6 jaktrapportar frå harejakta og det er felt 5 harar.

UTANBYGDSBUANDE 2011(fritt kortsalg kun for harejakt): Det er innlevert 25 jaktrapportar og det er felt 10 harar.

UTANBYGDSBUANDE 2011(regulert kortsalg): Ut frå innleverte rapportar er det felt 31 ryper, 9 orrfugl og 13 harar.

Felt vilt:	Rype	Orrfugl	Hare
2008	501	63	20
2009	250	49	16
2010	215	33	32
<b>2011</b>	<b>36</b>	<b>10</b>	<b>28</b>



### Kjuklingproduksjon:


På grunn av sterke restriksjonar under årets jakt vart det felt færre ryper og totalt var det levert inn 22 vengjer. Dette materiale er statistisk for lite som berekningsgrunnlag.

I 2011 vart produksjonen av lirype berekna til 3,7 kjuklingar per 2 vaksne ryper og da vart det levert inn 183 vengjer.

### Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.

## Statistikk, harejakt:



## Elgjakt



### Administrasjon

Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelta skjer via internett på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktsarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret. Allmenningen er delt i 5 jaktfelt og blir leig ut på 4-års kontraktar. Elgjakta gav ei inntekt på kr 249.225 (2010: kr 207.574). Til fråtrekk frå inntekt kjem fellingsavgifter og administrasjonsavgift til NFS.




## Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skote 28 elg i allmenningen, grunnkvota var på 28 dyr. Fellinga fordeler seg slik: 10 kalv, 6 ungdyr, 6 vaksne koller og 6 vaksne uksar.



## Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terrenget, samstundes gjer dette elgjegerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Ordninga blir finansiert gjennom betaling for bruk. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 1.760 (2010: kr 594).



## Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlag i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom arbeidet med driftsplan har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterkt vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga har vore meir stabil seinare. Taksering av elgbeita i 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta. Elgstamma bør derfor ikkje aukast. For å bevare vinterbeite har uttaket dei siste to åra vorte auka. Tildelt totalkvote for heile kommunen var 135 dyr, med ei grunnkvote på 112 dyr. Totalt vart det felt 104 elg og 25 hjort.

## Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i ValHall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

## Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

## Rådyrjakt

Kortsaledet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 5 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortsaledet gav ei inntekt på kr 1.000 (2010: kr 1.000).

## Jaktprøver

Det vart arrangert 1 jaktprøve i 2011. Jaktpørøve gav ei inntekt på kr 3.850 (2010: kr 0).

## Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

### Tilrettelegging for friluftslivet

På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 22.567 (2010: kr 46.790). Den usikre økonomiske situasjonen til fjellstyret har gjort at vi berre har gjort vedlikehald og mindre tiltak for friluftslivet.

#### Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk

Skilt: 85 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 12 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Gapahuk: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk



© Vestre Slidre fjellstyre

### Informasjon

Fjellstyret har internetsider ([www.vestre-slidre-fjellstyre.no](http://www.vestre-slidre-fjellstyre.no)) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevetak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyrt har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret.

### Inatur - internettportalen

Internettportalen [www.inatur.no](http://www.inatur.no) er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett fra Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.



### Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 13.680 (2010: kr 9.248).

## Rekruttering til friluftsliv

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om tiltaket "Turmål" ved praktisk arbeid og dekning av kostnader. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp.

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare med mellom anna isfiskedag i mars for 5. klassane og fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement.



© Vestre Slidre fjellstyre

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort og jaktkort for ungdom tom 20 år.

## **Motorisert ferdsel i utmark**

Ulovleg bruk av snøskuter varierar over tid og hovudinntrykket er no at det er mindre ulovleg kjøring i statsallmenningen. Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.



*Ulovleg skuterkjøring ved Buaråne*

Fjellstyret har vore misfornøgd med at påtalemyndighet ikkje har fylgt opp anmeldelsar om ulovleg kjøring og både kommunen og fjellstyret følgjt opp dette. Dette har betra seg dei siste par åra.

Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over kommunegrensene i samarbeid mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Det er gjennomført ein fellesaksjon saman med politi siste år.

## **Tilskot**

### **Tilskot frå fjellstyret**

Fjellstyret har gjeve kr 88.902 i tilskot (2010: kr 98.480).

Tilskot er fordelt slik:

Straum/aggregat	50.280
Stølspost	10.750
Stølsveg	8.052
Jegerprøveopplæring	7.820
Stølsfestival	2.000
Bjørkheimstølen	10.000
<b>Sum tilskot</b>	<b>88.902</b>

### **Oversikt over tilskot og andre tiltak:**

Tilskot	kr 88.902
Fiskekulturarbeid	kr 101.867
Tiltak for friluftsliv	kr 22.568
<b>Sum tiltak og tilskot</b>	<b>kr 213.337</b>

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum og innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbruksarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot, avgrensa til kr 50.000. Denne tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte.

### **Grunneigarfondet**

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Statskog administrerer bruken av fondet.

Med bakgrunn i Statskog sitt vedtak om reversering av festeavgift og tilbakebetaling av tidlegare innkravd festeavgift, er økonomien i fondet dårleg. Statskog har opplyst at det vil gå fleire år før det kan gjevast tilskot frå fondet. Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje i samsvar med fjellova og det må til ei vesentleg endring i administrasjonen av fondet. Fjellstyret har vore

representert i utval som har sett på statsallmenningsøkonomien, der hovudvekt var lagt vekt på bruk av grunneigarfondet. Utvalet var samde om at økonomien i statsallmenningane bør styrkast. Det er tilrådd auka løyving til refusjon for oppsyn og at Statskog sine oppgåver som myndighet i statsallmenning igjen bør finansierast over statsbudsjettet. Ein er også einige om at det bør innførast ei fordeling mellom Grunneigarfondet og fjellkassene av alle grunneigarinntekter i statsallmenningane, ikkje berre festeinntekter frå hytter og hotell. På dette området er partane framleis i prosess og ein har så langt ikkje kome fram til ein felles modell. Statskog og Noregs fjellstrysamband har i felles brev til Landbruks- og matdepartementet tilrådd tiltak for å styrke statsallmenningsøkonomien.


## Økonomi

### Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektena frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

### Resultat

Rekneskapet syner inntekt på kr 2.041.958 (2010: kr 1.793.297) og utgift på kr 1.691.576 (2010: kr 1.704.538). Dette gir eit overskot på kr 350.382 (2010: kr 88.759).




### Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 4.435.844 (2010: kr 4.085.461) inkludert varige driftsmidlar på kr 316.794 (2010: kr 322.173) og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er kr 3.060.916 (2010: kr 2.705.154).

Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året, men dette er ikkje lengre er eit problem. Ein stor del av eigekapitalen er bunden opp i festefond eller bygningar og er derfor ikkje disponibel.

Fjellstyret har dei siste åra hatt reduksjon i inntektene frå fester pga nedregulering av festeavgift og frå småviltjakta pga svak rypestamme. Festeinntekter blir i framtida regulert i samsvar med KPI og prisrammer på jakt og fiske blir også regulert etter KPI. Ein stor del av fjellstyret sine utgifter er lønnskostnader og lønnsutvikling er større enn KPI. Dette gjer at inntektsgrunnlaget til fjellstyret i realiteten på sikt blir redusert, men dette kan vegast opp av

det blir nye festetomter på Vaset etter fortetting i Vaset alpinområde og ved eventuelle nye etableringer i sentrumsområdet.



Slidre den 28.3.2012

*Kjell Strand Ragnhild Sundheim Knut Kjøs Egge*

Kjell Strand  
fjellstyreleiar

Ragnhild Sundheim  
nestleiar

Knut Kjøs Egge  
styremedlem

*Torill Trøen*

Torill Trøen  
styremedlem

*Åshild Reien*

Åshild Reien  
styremedlem

*Harald Ranum*

Harald Ranum  
dagleg leiar

**Vedlegg:** Resultatrekneskap  
Balanse  
Revisjonsmelding

**Resultat**  
for  
**VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

Kontonavn	År 2011	År 2010
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		
Rognsalg	22 220	17 380
Kartsalg avg. pliktig	13 680	9 248
Elgtrekk uteie	1 760	594
Oppdrag uteige avg.pl	96 312	18 823
Varesalg /uttak av varer	0	156
Rådyrkort mva.fri	1 000	1 000
Elgiakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	249 226	207 574
Fiskekort utanbygds	158 956	145 399
Fiskekort innanbygds	27 790	27 205
Jaktkort utanb. regulert	211 720	196 970
Jaktkort utanb. uregulert	28 400	37 485
Jaktkort innanbygds	24 660	48 760
Jaktprove	3 850	0
Vassdragreg. & premiering Bægav.	9 054	9 054
Tilskott	40 179	11 500
Refusjon oppsynutg. stat	296 320	281 345
Festeavgift	856 832	780 804
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>	<b>2 041 958</b>	<b>1 793 297</b>
<b>Varekostnad</b>		
Kart kostnader	0	0
Lagerrendring kart	3 084	2 328
Jakt- & fiske- kort kostnader	0	7 581
<b>Varekostnad</b>	<b>3 084</b>	<b>9 909</b>
Dekningsbidrag	2 038 874	1 783 388
<b>Lønnskostnad</b>		
Lønn fjelloppsyn fast	604 598	571 962
Div tillegg fjelloppsyn	71 970	53 892
Lønn midlertidig tilsette	27 535	18 320
Lønn fjellstyremedlemmer	21 033	22 952
Feriepenger	83 103	77 477
Fri telefon	5 461	4 735
Pensjon klp fri	90 103	114 330
Pensjon klp motkonto	-90 103	-114 330
Fri forsikring	274	264
Motkonto fri telefon	-5 461	-4 735
Motkonto fri forsikring	-274	-264
Motegodtgj. Fjellstyre	54 520	48 950
Arbeidsgiveravgift	56 030	53 463
Arb.giv.avg av pålop. Feriepenger	5 319	4 958
Aga.pl. pensjonskost	90 103	114 330
Kantinekostnad	240	
Yrkesskadeforsikring	2 344	2 259
<b>Lønnskostnad</b>	<b>1 016 794</b>	<b>968 563</b>
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>		
Avskriv. bygning/fast eie	12 400	12 400
Avskr. maskiner og inventar	0	0
Leie lokale	41 273	40 004
Reinhold lokale	14 092	11 584
Lys/varme lokaler	13 520	17 724
Udstyr/mater.kjop/rep	3 768	233
Telefon/datautstyr mm	6 009	14 202
Arbeidskluar og arbeidsutstyr	5 807	6 217
Fiskekulturarbeid & stamfiske	101 867	126 164
Jakt & fiskestatistikk	54 558	3 725
Friluftsmidler	22 568	46 790
Snoscooter/elgtrekk	2 125	41 697
Diverse utgifter	2 138	3 259
Revisjonshonorar	9 825	13 250
Regnskapshonorar	47 232	48 950
Honorar for juridisk bistad	28 906	0
Kontorrekvisita	23 028	24 342
Aviser, tidskrifter, bøker o.l	1 535	1 714
Mote, kurs, oppdatering o.l	29 657	8 082
Telefon fast V.S. Fjellstyre	7 378	5 134
Mobil 952 88 222 (ludo/talkmore)	142	112
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	4 771	4 267
Erle Frantzen 977 85 915	2 691	3 798
Porto	6 147	5 643
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>	<b>441 436</b>	<b>439 291</b>

<b>Annen driftskostnad</b>		
Bil & km godtgj. oppg.pli	58 714	52 404
Diett/reise utgifter	960	12 772
Diett statens satser	2 458	0
Provisjon kortsalg	24 710	29 334
Annonser	10 603	12 256
Internett, domene mm	10 485	13 210
Kontingent, fradragberettiget	81 200	97 240
Tilskott stolsveg	8 052	0
Tilskott aggregat/straum på stol	50 280	75 000
Tilskott almenn.formål	30 570	23 480
Gaver	1 000	2 000
Forsikringspremie	6 343	12 847
Styre & bedr.forsaml.mote	9 943	8 493
Eiendom- og festeavgift	0	2 300
Bank- og kortgebyr	1 004	636
Purregebyr kunder/leverandør	1 308	191
Administrasjonsavgift jakt mm	16 567	16 792
Tap på fordringer	2 720	0
<b>Annen driftskostnad</b>	<b>316 916</b>	<b>358 956</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>263 728</b>	<b>16 578</b>
Renteinntekt bank	83 421	69 066
Renteinntekt FOSA	3 357	3 259
Renteinntekt kunder	0	0
Rentekostnad leverandører	-123	-144
<b>Netto finansposter</b>	<b>86 655</b>	<b>72 181</b>
<b>Ordinært resultat for skattekostnad</b>	<b>350 382</b>	<b>88 759</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>350 382</b>	<b>88 759</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>350 382</b>	<b>88 759</b>

**Balanse**  
for  
**VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE**

Kontonavn	års 2011	års 2010
<b>EIENDELER</b>		
Lager vaseit	130 000	140 000
Naust til stamfiske	50 000	52 400
Snoscooter Polaris 800 Svitcb.	1	1
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
KLP egenandelinnskudd	21 536	17 871
Langs. fordr. FOSA as	1	1
Langs. lån til FOSA as	115 254	111 898
<b>Anleggsmidler</b>	<b>316 794</b>	<b>322 173</b>
Lager kart	2 503	5 587
Kundefordringer	233 657	66 385
Opptj. Oppsyn & jaktkort	17 960	62 903
Andre kostsiktige fordringer	0	5 625
Pålopt renteinntekt	520	127
Forskuddsbetalt forsikring	0	2 344
2153.07.04561 driftskonto	967 592	1 095 454
2153.60.04669 kapitalkont	2 913 515	2 833 164
2153.07.08567 oppdragskto	7 476	4 738
2153.52.26269 jaktkort	198 234	12 075
2153.69.00125 skattetrekk	93 619	29 712
<b>Omløpsmidler</b>	<b>4 435 077</b>	<b>4 118 115</b>
<b>Eiendeler</b>	<b>4 751 871</b>	<b>4 440 287</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
Annen egenkapital	-3 377 710	-3 027 327
Fond for innløste festetomter/avgifter	-1 058 134	-1 058 134
<b>Opptjent egenkapital</b>	<b>-4 435 844</b>	<b>-4 085 461</b>
<b>Egenkapital</b>	<b>-4 435 844</b>	<b>-4 085 461</b>
Leverandorgjeld	-24 596	-14 026
Forskuddstrek	-94 779	-74 711
Fagforeningskontingent	0	0
Oppgjørskonto merverdiavgift	-36 442	-3 989
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-25 167	-23 064
Pålopt arbeidsgiveravgift	-5 279	-4 958
Skyldig lønn	-1 160	-121 158
Utlegg tilsette	-1 706	-13 816
Skyldige feriepenger	-82 479	-77 477
Pålopt kostnad og forskuddsbet.innt.	-31 600	-6 627
Avsetning tilskott veg	0	0
Avsetning andre tilskott	-11 820	-15 000
Annen kortsiktig gjeld	-1 000	0
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>-316 028</b>	<b>-354 826</b>
<b>Gjeld</b>	<b>-316 028</b>	<b>-354 826</b>
<b>Egenkapital og gjeld</b>	<b>-4 751 871</b>	<b>-4 440 287</b>



Til  
Vestre Slidre fjellstyre

## REVISJONSBERETNING 2011

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre fjellstyre, som består av balanse per 31. desember 2011, resultatregnskap som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 350.382,00 for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### Fjellstyrets ansvar for årsregnskapet

Fjellstyret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med fjelloven med forskrifter og Statkogs rundskriv 1/2003, og for slik intern kontroll som fjellstyret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing.

Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for fjellstyrets utarbeidelse av årsregnskapet. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fjellstyrets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

# Kommunerevisjon IKS

*Valdres - Hallingdal*

## *Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for den finansielle stillingen til Vestre Slidre fjellstyre per 31. desember 2011, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoens i samsvar med fjelloven med forskrift.

## **Uttalelser om øvrige forhold**

### *Konklusjon om attestasjonsoppgaver etter Statsskogs rundskriv 1/2003*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsopdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsopdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at

- fjellstyrets tilskudd til allmennytte formål er i henhold til gjeldende bestemmelser
- ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsopdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsopdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Fagernes 27.03.2012

  
Age Sandsengen  
revisjonsjef/reg.revisor  
oppdragsansvarlig revisor